Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 9 | Fylke: Telemark

Tilleggsspørsmålnr. | Herad: Seljord

Emne: Lauving | Bygdelag: Langlim

Oppskr. av: Olav Bakken | Gard: Bakken

(adresse): Flatdal | G.nr. 114 Br.nr. 1

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

# Lauving.

1. I Langlim vert det lauva eindeil omlag årvisst på kvar gard som har lauvskog (bjørk). Men fyrr var det meir – då kunne einskilde gardar ha over 1000 kjerv.

2. Størsteparten av lauvingi var gjort omkr. Barsok (24. aug.) når slåtten var ferda – og hadde kanskje gjeve ringt utfall (resultat) Vart lauvingi foretekje fyrr slåtten (1–10. juli) måtte lauvet stakast og hange so lenge at „harpeisa" i veden vart heilt innturka. Kjervene hekk gjerne ein 3–4 viker og fådde seg i sol og regn so dei lyste brunraude, fyrr dei vart sette i stakk eller køyrt åt løda.

3. Ein nyttar lauvknivar eller heimelaga sigdar som reidskap. Dei vanlege typar ser slik ut:

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING





← Gåtjågge sland i spørrhole veola me reim hell tåg av vierròtar. – sigden ein avbròtm ljå.

1714

Å ripa lauv er det heilt slutt med,
– etter år 1900. – anna enn vierlauv som
dei ripar med handi til grisefor (syfo-vier)
4. Det vanlege er svigalauving ɔ: ein
lauvar mannshøge holt og tek både toppar
og kvister – men ein kan støytte ned bjørki
med øks og taka lauvet med lauvkniv
so berre lauvsneii ligg att. Lauvsneii er
lette å turka til god ved – og vert sett i
„kostar" seinhaustes.
Fjølletre finst ikkje her, men i dei nedre
bygder der „godlauve" veks (alm, ask, lön etc.)
Men bjørkeskogen rönner fort oppatt, so
ein kan svigalauve på same stad minst
fjorde kvart år.
5. Lauvkjerven. Når ein har hogge
saman fire – fem „grip" med lauvkvister
tek ein ein binding – ei jamn lang vidje
og slær rundt. Tönnen vert so knekt ein
20 cm oppå etter ein har surra to – tri
gonger rundt med svigatoppen, deretter
vert tönnen nept under bindingen og
kjerven held godt saman og vert deretter
hengt på stakken med stetane opp og
toppane ned – altso motsatt av kornbandraud.



Vanleg åloge ein dag for ein
vaksen kar, var å lauve 150 kjerv,
men einskilde keara 200, dersom
lauvskogen var tett og god.
Lauvstakken vert bygd rundt
ei stakksneis – ei karta granteyle
ca 15-20 cm i diameter ved roti.
Kjervne vert snudt med toppen inn
og kløyvt rundt sneisi og löa

1714 abl alkar [illegible]

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

i spiral. Av og til må ein leggje krakar (lange bjørkeklórar som sprikjer om sneisi) so det ikkje kjem skrei i stakken.
I ein stakk lødde det 150-200 kjerv.
Til tak over stakken nytta ein fyrst barkvister i eit tjukt lag - so torver av berg eller stein med lyngrøtar og tægar.
Slike torver er lette å finne i skog og mark.
6-7. Lauvstakken vart køyrt heim på føret, helst fyre jol. Sume drog lauvet på ein vanleg vedakjække - ca 30 kjerv i lasset.
Eit hestelass var ca 75-100 kjerv.
8. I nærleiken av garden tok dei gjerne lauvet heim med same det var turt, - då bar ein det helst i strottane 4-6 kjerver eller i taug 10-15 kjervar. Lauvet vart kyst i skålar eller på tarrar, eller uppå høystaen. Det vart sett ~~med~~ strottane ned og gjeldan i tykke floer. - for lauvrøyta si skuld.
9. Lauv av raun og selje og osp var best.
~~Det er~~ godlauvet her til fjells.
10. Nei.
11. Ingi sameige i lauvingi. Kvar gard lauvar etter tid og høve.

B.

Me kallar alt lauv som drys for daulauv. Men då ~~det~~ berre er bjørkelauvet som rår romet her, og det er meir verdlaust etter det har drøse, vert det ikkje sanka saman.

— Lauvforet har vore og er nytta som matabyte for sau, geit og stornaut.
Alle dyr tisse trivast godt når dei fær lauv.

23/5-48 O.B.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

1714